

Garnes vidaregåande skule
v/ rektor Aud Åsne KvammeDato: 19.10.2015
Vår ref.: 2014/10030-45
Saksbehandlar: hilruns
Dykkar ref.:

Samanslåing - ny vidaregåande skule i Arna

Fylkesdirektør opplæring viser til brev datert 29.09.15 og epost datert 01.10.15 vedkomande vidaregåande opplæring i Arna. Som det går fram av brevet, er det vedteke administrativ samanslåing av Arna vidaregåande skule og Garnes vidaregåande skule, jf. vedtak i OPHE 18.08.15.

På bakgrunn av vedtaket, jf. sak 58/2015, om at skulane skal vere ei eining frå 01.08.2016, er det etablert eit omstillingsutval og lagt møteplan med struktur for arbeidet knytt til gjennomføring av samorganiseringa.

Omstillingsutvalet har representantar frå leiinga, tillitsvalde og hovudverneombod frå begge skulane i tillegg til representantar frå Opplæringsavdelinga, HR, omstillingstillitsvald og fylkeshovudverneombodet. Gjennom dette omstillingsutvalet vil vi gjere det vi kan for at informasjon og dialog skal takast godt i vare. I tillegg har fylkesdirektør opplæring bede BHT om å bistå skulane i arbeidet med omstillinga og delta i møte t.d. i omstillingsutvalet. Målsettinga vil vere at de i større grad kan ha høve til informasjon og dialog undervegs, og til å medverke i prosessen, jf. omstillingsreglane.

Når det gjeld prosjektplanen for administrativ samanslåing som vart gjennomgått med rektorane i forkant av det konstituerande møtet i omstillingsutvalet, vil vi presisere at det er viktig at rektorane bidreg undervegs slik at planen kan justerast etter behov og situasjonar som måtte oppstå. Vi merkjer oss at trass i mange møte med rektorane og med leiargruppene, gir rektor ved Garnes vidaregåande skule uttrykk for ei oppleving av manglande informasjon og dialog, samt ei oppleving av å ikkje verte høyrd.

Skulane i Arna har ved fleire møte lagt fram førebudde presentasjonar, og skulane har nytta høva til å gi skriftlege uttalar til saker som har vore og skal til politisk handsaming. Dette set vi pris på, og uttalar vert lest og gjennomgått. Vi viser elles til følgjande møteverksemd i tilknytning til spørsmål om vidaregåande opplæring i Arna som vi oppsummerer av omsyn til oversikt over prosessen så langt:

05. 11. 2013	Møte med rektorar ved skular med få elevar på ST, m.a. Garnes vgs. Politisk sak i etterkant («klassesaka»).
31.01.2014	Fylkesdirektør og regionleiar møte med rektor ved Arna vgs og rektor ved Garnes vgs. Referat frå møtet.
21.02.2014	Møte med leiargruppa Garnes vgs. Om økonomisk situasjon og elevgrunnlag/prognoseinntak. Regionleiar og Karl Viken frå Opplæringsavdelinga Oppsummering frå møtet.
30.04.2014	Fylkesdirektør og regionleiar møte med rektor. Rektor ba om møte for tolking av vedtak i SBP. Tema: Prognoseinntak. Administrativ samanslåing og tidsplan. Referat.
26.08.2014	Møte med leiargruppene ved Arna vgs og Garnes vgs Tema: Høyring MK. Om arbeidet med 8-13 i Arna. Om administrativ

	samanslåing: Føresetnader, tidsplan, ny politisk sak. Presentasjon (powerpoint)
30.09.2014	Møte med leiargruppa (fleire nye) vd Garnes vgs. Regionleiar og Bjørn Atle Mikkelsen (HMT) Læring og gjennomføring. Arbeid med arbeidsmiljøet. Oppfølging av MU2014 SBP: Status 8-13, løypemelding SBP, om oppstart av prosjektorganisering. Notat frå møtet.
21.10.2014	Møte med leiargruppene Arna vgs og Garnes vgs m.fl. om: a) Hausten 2014 starter ein opp arbeidet med ei administrativ samanslåing av Arna vgs og Garnes vgs (Vedtak FU sept. -14 Region Sør og ST Stor-Bergen) b) Omstillingsreglar. Medverknad. Presentasjon (powerpoint)
10.03. 2015	Møte med leiargrupper og tillitsvalde. Vidare arbeid: <ul style="list-style-type: none"> • Politisk sak for å følgje opp vedtaka om <ul style="list-style-type: none"> • Samanslåing administrativt/fysisk samlokalisering sak • 8-13 modell i løpet av reguleringsplanperioden • Befaring på skulane april • Utarbeide prosjektplan etter endeleg vedtak • Etablere omstillingsgruppe haust 2015
10.04.2015	Møte med leiargruppe og tillitsvalde Garnes vgs. Om plassering av ny MK frå 2016. Om overkapasitet ST. Vurdering ST på Garnes vgs ut frå søkjargrunnlag. Presentasjon (powerpoint) frå Opplæringsavdelinga. Presentasjon frå skulen lagt fram i møtet, og uttale sendt inn skriftleg.
Ultimo juni 2015	Det lykkast ikkje å finne tidspunkt for møte om administrativ samanslåing med rektorane før sommarferien då rektor ved Garnes vgs ikkje hadde tid.
21.08.2015	Møte mellom rektor ved Arna vgs, Garnes vgs og regionleiar. Gjennomgang og justering av prosjektplan for administrativ samanslåing. Førebuing til konstituerande møte i omstillingsutvalet.
14.09.2015	Møte med representantar for leiinga, tillitsvalde og verneombod ved Arna vgs og Garnes vgs. Etablering av omstillingsutval for administrativ samanslåing. Mandat, roller, oppgaver og møteplan. Presentasjon (powerpoint) og utkast til prosjekt med framdriftsplan.

Oversikta kan eventuelt vere til nytte i samband med evaluering av prosessen med sikte på å leggje betre til rette for informasjon og dialog i det vidare arbeidet. Om det er merknader til oversikta, er vi takksame for tilbakemelding snarast mogleg.

Avlutningsvis viser vi til at det, som avtalt, er felles personalmøte for Arna vidaregåande skule og Garnes vidaregåande skule onsdag 21.10.15, jf. utsendt program. Vi vil gjere det vi kan for at møtet kan bidra til informasjon og dialog, og det vil for oss vere viktig få fram når og kvar i prosessen vi kan få svar på spørsmål som vi i dag ikkje har svar på.

Svein Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Hillevi Elizabeth Runshaug
regionleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi: Fylkesrådmann Rune Haugsdal